



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 21. april 2017

NVE

FRÅSEGN – SØKNAD OM BYGGING AV SANDÅA KRAFTVERK I HALSA KOMMUNE

Viser til dykkar ref. 201305202-8 Arkiv: 312 / 113.4Z

Naturvernforbundet har nytta høvet til å bruke barmarkssituasjonen til å synfare nedre del av prosjektet 9.4.2017. Dei øvre delane har vi ikkje sett, så dei får vi heller kome tilbake til seinare når vekstsesongen gir meir meining i å undersøke det området.

Vassføringa var ved vår synfaring prega av vårflom som ikkje gav høve til å sjå på område nær vassstrengen.

Av det vi har sett på vil vi seie følgjande:

Sandåa og andre vassdrag

Det er få vassdrag så mange menneske har eit forhold til som Sandåa. Den nedre fossen er nær kulisse til fossekonserten som har vore her årleg gjennom mange år. Løfter ein blikket litt, ser ein området der kraftstasjonen er planlagt og fleire fossar som vil misse ein del av vassføringa. Går ein traktorvegen som etter kvart har grodd ein del igjen langs vassdraget, så har ein stadig nærkontakt med elva, der terrenget går bratt ned frå traktorvegen, og bratt opp igjen på andre sida. Med tilstrekkeleg vassføring høyrer ein ikkje noko anna enn elva. Viss ein kan oversjå traktorvegen og nokre granplantefelt, så kan ein vere i si eiga verd ei god stund. Blir vassføringa for lita, er det ein risiko for at aktiviteten frå bygda kan nå inn i dalen og forstyrre idyllen. Blir traktorvegen brukt som anleggsveg og varig veg til inntaket, er det nye, store og opne sår.

Bekkekløfter er det ikkje så mange av i Halska kommune. Det er påvist ein lokalitet i Hennaelva, eit vassdrag med konsesjon for bygging av småkraftverk. Skallelva har ein lokalitet med

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

fossesprøytsone som vil bli redusert viss konsesjonen gir eit småkraftverk som resultat. Stokkelva har ei uregistrert bekkekløft, men er omsøkt til småkraftverk. Viss det blir gitt konsesjon til småkraftverk i Sandåa, kan Halså kommune bli utan bekkekløft og fossesprøytlokalitetar med naturleg vassføring. Det er mange vassdrag som ikkje lenger har naturleg vassføring i nabokommunane også. Sommarperioden med litt høgare vassføring er dessutan ganske kort for dette prosjektet, og sommarvassføringa verkar også låg. Dette vil ha negativ verknad for bekkekløft- og fosserøyklokalitetane.

Røyrgate – øvre del

Vi ser for oss at gravearbeidet vil merkast mest av friluftslivet på denne strekninga, sidan røytraseen vil vere nær eksisterande traktorveg. Dessutan er det sagt i søknaden at anleggstrafikken delvis vil gå på noverande traktorveg. Vi har til no ikkje gått biten så vi kan få sjekka dette nærare.

Røyrgate – midtre del

Frå punktet ved brua halvveges oppe og vidare nedover til traseen er planlagd å krysse traktorvegen ser det ut til å vere stort sett lausmassar. Ein del av skogen er planta granartar, og elles ser det ut til å vere lauvskog av ganske vanleg type. Vi fann ei alm (VU) i røytraseen, som eit litt spesielt unnatak. Vi har ikkje sett vesentlege problemstillingar knytt til røytraseen på denne biten, men anleggstrafikk på noverande traktorveg er eit vesentleg inngrep.

Røyrgate – nedre del, og veg til kraftstasjon

Ned mot elva ligg terrenget i rasvinkel, og det er tale om lausmassar. Same korleis ein vil ta seg fram her, må ein rekne med eit enormt stort inngrep. Massen vil vere krevjande å stabilisere, noko ein ser lenger ned i vassdraget. I tillegg til landskapsverknaden vil ein dermed også få eit stort inngrep i vegetasjonen. I dette området står det mellom anna ei enorm osp, omkrets målt til 255 cm, dvs. eit tverrmål på 80 cm. Treet har også holrom målt til 30 cm innover i ei 50 cm høg sprekkje ved basis, og eit holrom som går i alle fall 20 cm inn i samband med eit spettehol. Dette er eit eige naturtypeobjekt.

I lia bortetter står det nokre store tre av osp og bjørk først og fremst, sjølv om ingen kan måle seg med kjempeospa. Ein del av dei har lav frå lungeneversamfunnet, men ikkje i store mengde. Dei kunne med fordel ha vore undersøkt nærare, med tanke på knappenålslav og andre lav, kanskje også andre artsgrupper.

Bruk av traktorveg som anleggsveg og driftsveg til dam

I følgje søknaden skal eksisterande traktorveg langs elva nyttast til transportveg i samband med anlegget og det er tale om opprusting på enkelte punkt. I tabell 6 side 24 i søknaden står det at vegen skal vere permanent for bruk til inntaksdammen. Denne traktorvegen var i si tid eit stort inngrep i bekkekløfta og langs Sandåa. Attgroinga, kombinert med liten bruk med køyrety har bota på dette, og såra er no ikkje så veldig påtrengande. Sidan det ikkje står noko større om det, reknar vi med at ei opprusting vil bety at ein vil køyre lastebil på denne vegen. Då er det nye, opne sår. Når det ikkje er tale om tilbakeføring etter anleggstida, reknar vi med at dette vil vere veg køyrande med bil. For friluftslivsinteressene vil dette vere eit betydeleg inngrep både i anleggstida og etterpå.

Kartlegging

Vi fann ei alm (VU) langs traktorvegen ved bekkekløfta, og vidare ei i traseen for røyrgata. Desse er

oversett av kartleggar. Vi fann ikkje spisslønn slik kartleggar har gjort, men det er mykje platanlønn i nedre del av vassdraget. Vi fann ei osp som skulle ha vore registrert som naturtypepunkt om ein ikkje skil ut noko areal. Sjølv om suppleringskartlegginga har påvist bekkekløft og fleire fosserøyksonar, så er det framleis noko som manglar på at kartlegginga har fått med seg vesentlege punkt. Våre observasjonar er lagt inn på www.artsobservasjoner.no.

Konklusjon

Inngrepet med kraftstasjon og røyrgata særleg dei siste metrane ned til kraftstasjonen vil bli store og langvarig synlege og gå vesentleg utover landskap som påverkar mange i tillegg til at det er negativt for biologisk mangfald. Reduksjon av vassføring i bekkekløfta og fossesprøytonene vil vere negativt for det biologiske mangfaldet, og verknaden blir forsterka av at det ikkje er andre lokalitetar av denne typen der ein kan rekne med naturleg vassføring i kommunen. Opprustinga av traktorvegen til anleggsveg/bilveg vil vere eit stort og varig inngrep for friluftslivet og delvis for det biologiske mangfaldet. Søknaden må avslåast.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal



Kraftstasjonen vil truleg ikkje kunne gøymast heilt vekk når ein ser området frå konsertarenaen. Dessutan vil det bli eit stort inngrep i skråninga og i skogen til høgre opp for kraftverket.



Når det går 3,2 m³/s i nedre foss og 0,2 m³/s i øvre foss, vil publikum få noko å undre seg over.

Dessutan vil mykje av vegetasjonen i lia til høgre for øvre fossen bli erstatta med ei skråning av grus.



Så snart ein rører skråninga, begynner grusen ei vandring.



Øvre del av bekkekløfta. Skogsvegen langs elva representerer eit betydeleg inngrep, men held no på å gro igjen såpass at det ikkje er så påtrengande lenger. Fleire stader er det dessutan granfelt. Står ein i vegkanten og ser ned på elva, merker ein ikkje noko av dette, og då representerer området kommunen si einaste bekkekløft som ingen kan fjerne mykje vatn frå.



Ei osp med livvidde på 255 cm er sjeldan. Det er holrom i treet som gir treet ytterlegare verdi for det biologiske mangfaldet. Posisjon: 32VMQ8164496757.